

Fylkesmannen i  
Hordaland



# Direktiv Øving Hordaland 2015



*Øving for atomberedskapsorganisasjonen i fylket med utgangspunkt i ei uønskt hending med reaktordrive fartøy ved Haakonssvern orlogsstasjon*



## Innhald

<b>1</b>	<b>Innleiing og bakgrunn</b> .....	<b>3</b>
<b>2</b>	<b>Overordna målsetting</b> .....	<b>3</b>
<b>3</b>	<b>Scenario for øvinga</b> .....	<b>3</b>
<b>4</b>	<b>Distribusjon av direktivet</b> .....	<b>3</b>
<b>5</b>	<b>Plan for del 1 – samling av viktige aktørar i beredskapsorganisasjonen</b>	<b>4</b>
	Deltakarar .....	4
	Øvingsmål og grunngjeving .....	4
	Agenda og tidsplan for dagen .....	4
	Etter samlinga .....	5
<b>6</b>	<b>Plan for del 2 – speløving</b> .....	<b>6</b>
	Deltakarar .....	6
	Øvingsmål .....	6
	Førebuingar til øvinga .....	6
	Tidsramme for øvinga .....	6
	Øvingsleiing .....	6
	Øvingsstab .....	7
	Observatørar hos FMHO .....	7
	Gjennomføring .....	7
	Sikkerheit .....	7
	Evaluering undervegs .....	7
<b>7</b>	<b>Etter øvinga</b> .....	<b>8</b>
<b>8</b>	<b>Kontaktinformasjon til øvingsleiing og øvingskontaktar lokalt og regionalt</b> .....	<b>9</b>
<b>9</b>	<b>Kontaktinformasjon til aktørar i sjølve øvinga lokalt, regionalt og sentralt</b> .....	<b>9</b>

# 1 Innleiing og bakgrunn

Haakonsvern orlogsstasjon er fleire gonger i året vertskap for utanlandske reaktordrivne undervassfartøy. Ved slike besøk vert ei rekkje statlege etatar og kommunar varsla. Det har aldri vore ulykker med desse vitjingane, og Fylkesmannen legg til grunn at det er usannsynleg at det vil skje ei atomulykke i framtida (FylkesROS Hordaland 2015).

Dersom det likevel *skulle* skje ei hending, vil ho gje ei rekkje store utfordringar for samfunnet og beredskapsaktørane, slik vi har sett i hendingar andre stader. Dette skuldast mellom anna at hendinga kan gje konsekvensar med det same og at det difor vil vere lite tid til å setje i verk tiltak. Utslepp frå eit reaktordrive fartøy vil ifølgje berekningar frå Statens strålevern ha potensiale til å nå dei fleste stader i Hordaland innan 8–10 timar, tilsvarende tida det tar før eventuell akutt forureining frå Sellafield når kysten av Vestlandet.

Med dette som bakteppe ønskjer Fylkesmannen å øve atomberedskapen i fylket. Øvinga vil vere todelt, der første del (15. september) skal vere ei samling (inkludert bordøving) med relevante aktørar for å sikre at ansvar, roller og varslingsrutinar er sameinte, medan andre del (27. oktober) blir ei speløving for å teste ut varslingsrutinane mellom sentrale aktørar på den eine sida, og kommunal handtering på den andre.

## 2 Overordna målsetting

Den overordna målsettinga med øvinga er å betre koordineringa av atomberedskapen i fylket på strategisk nivå. Øvinga vil skje i samarbeid med sentrale og lokale atomberedskapsaktørar, slik at vi vil vere betre i stand til å ta hand om ei hending med eit reaktordrive fartøy ved Haakonsvern orlogsstasjon. Kan beredskapsaktørane handtere ei slik hending, vil vi vere svært godt rusta til òg å kunne handtere eventuelle andre atomhendingar. Operativ og taktisk handtering inngår ikkje i øvinga, og må ev. øvast særskild av naudetatane i samarbeid med objekteigar og andre med operativt ansvar

## 3 Scenario for øvinga

Scenarioet for øvinga er ei uønskt hending med eit reaktordrive fartøy ved Haakonsvern orlogsstasjon som vil kunne føre til radioaktivt nedfall i store delar av Hordaland.

## 4 Distribusjon av direktivet

Dette direktivet vert distribuert til alle deltakande aktørar i samlinga 15. september. Direktivet, med eventuelle justeringar, vert deretter distribuert til øvingskontaktane i kommunane for vidare spreieing i kommunane.

## 5 Plan for del 1 – samling av viktige aktører i beredkapsorganisasjonen

For å førebu speløvinga (del 2) ønskjer vi å først ha ei samling med dei viktigaste aktørane i atomberedkapsorganisasjonen regionalt for å sikre at ansvar, roller og varslingsrutinar er sameinte. Samlinga finn stad tysdag 15. september.

### Deltakarar

- Fylkesmannen i Hordaland (FMHO)
- Haakonvern orlogsstasjon (HOS)
- Hordaland politidistrikt (HPD)
- Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB)
- Hordaland sivilforsvarsdistrikt (HSFD)
- Statens strålevern (NRPA)
- Mattilsynet (regionkontor Sør/Vest)
- Bergen kommune
- Observatørar frå kommunar i innseglingsleia (Austevoll, Sund, Os, Askøy, Fjell) og Bergenhus heimevernsdistrikt 09 (HV-09)

### Øvingsmål og grunngjeving

- Sikre at aktørane har koordinerte planar. Etter samlinga skal det vere klart for alle kven som har kva for rolle og ansvar. Varslingslinjer må vere avklar, mellom anna for å ikkje miste tid, og førebygge feil i varslingskjeda
- Sikre semje om budskap til (lokal-)befolkninga og media og ha avklart kven som er avsendar ved ei eventuell hending. Dette er for å førebygge tvil om dei faglege råda og sikre at råda har autoritet slik at flest mogleg følgjer dei.

### Agenda og tidsplan for dagen

Samlinga finn stad tysdag 15. september 2015 på [Grand Hotel Terminus](#) i Bergen, etter følgjande tidsplan:

Kl. 09.00:

- Gjennomgang og eventuell justering av *Samordna beredkapsplan for anløp av reaktordrivne fartøy til Haakonvern orlogsstasjon* (vedlagd)

Kl. 10:30:

- Gjennomgang og eventuell justering av opplegg (dreiebok) for speløvinga 27. oktober

Kl. 12.00:

- Lunsj

Kl. 13.00:

- Kort bordøving med utgangspunkt i same scenario som ein vil nytte i speløvinga 27. oktober

Kl. 14.30:

- Oppsummering og evaluering av dagen

Kl. 15.00:

- Slutt

## **Etter samlinga**

Eventuelle behov for justeringar i plan- og øvingsdokument vert utarbeida av Fylkesmannen og distribuert øvingsaktørane i etterkant av samlinga. Før speløvinga 27. oktober, vil Fylkesmannen ha ei samling med øvingskontaktane i kommunane i fylket 7. oktober, der rammene for øvinga vert gjennomgått.

## 6 Plan for del 2 – speløving

Formålet med speløvinga er å øve atomberedskapsplanverket i fylket i samband med ei ev. uønskt hending med eit reaktordrivne fartøy ved Haakonsvern orlogsstasjon.

### Deltakarar

- Fylkesmannen i Hordaland (FMHO)
- Haakonsvern orlogsstasjon (HOS)
- Hordaland politidistrikt (HPD)
- Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB)
- Hordaland sivilforsvarsdistrikt (HSFD)
- Statens strålevern (NRPA)
- Mattilsynet (regionkontor Sør/Vest)
- Dei fleste kommunane i Hordaland<sup>1</sup>

### Øvingsmål

- Øve atomberedskap og krisehandteringsevne hjå relevante aktørar i fylket
- Teste at varslings- og kommunikasjonskanalane i atomberedskapsorganisasjonen fungerer
- Sikre at ansvar og roller er avklart og at aktørane sine planverk er koordinerte.

### Førebuingar til øvinga

FMHO har i løpet av 2014/2015 i samarbeid med særleg HPD og HOS arbeidd med å lage ein samordna beredskapsplan for anløp av reaktordrivne fartøy til Haakonsvern orlogsstasjon. Deltakarane i øvinga må ha gjort seg kjende med denne planen (inkl. vedlegg) før øvinga. Fylkesmannen har i 2015 mellom anna arrangert [eit atomberedskapsseminar i Bergen 2. juni](#), ei samling med dei viktigaste aktørane i atomberedskapsorganisasjonen regionalt 15. september og ei samling for dei kommunale øvingskontaktane 12. oktober.

### Tidsramme for øvinga

Speløvinga finn stad tysdag 27. oktober 2015 i dei einskilde deltakarane sine lokale. Reservedato i tilfelle uføresette endringar er 5. november.

Start kl. 09.00

*[kl. 14.00 telefon-/videokonferanse for atomberedskapsutvalet i Hordaland (ABU-H)]*

Slutt kl. 15.00

Kvar eining som deltek bør sette av noko tid rett etter øvinga for intern evaluering og (føreBELS) utfylling av skjema til øvingsleiing.

### Øvingsleiing

Øvingsleiinga har det overordna ansvaret for det organisatoriske rundt øvinga. FMHO varettek denne rolla saman med øvingskontaktane i andre verksemdar.

---

<sup>1</sup> Alle kommunane i Hordaland deltek i øvinga, med unntak av Austevoll, Austrheim, Fedje, Modalen, Os, og Radøy.

## **Øvingsstab**

Vi legg ikkje opp til å ha ein samla øvingsstab fysisk plassert hos FMHO. Øvingskontaktane i dei einskilde verksemda varetek dette undervegs i øvinga på eiga lokalisering. Øvingskontaktane bør ha eit særskild ansvar for å observere, rettleie og bidra inn i evalueringa i eiga verksemd.

## **Observatørar hos FMHO**

DSB, Fylkesmannen i Buskerud, Hordaland fylkeskommune og Strålevernet.

## **Gjennomføring**

Vi legg til grunn at dei einskilde aktørane/verksemdene i øvinga agerer på grunnlag av dei øvingsmeldingar som måtte komme. Verksemdene bør føre logg gjennom øvinga. Eventuelle tiltak skal *ikkje* setjast i verk fysisk, men bør loggførast og verte formidla til aktuelle øvingsdeltakarar.

## **Sikkerheit**

Øvinga skal ikkje innverke på den daglege drifta på ein slik måte at ho går utover sikkerheit eller ordinær tenesteproduksjon. Alle deltakarar har mynde til å avslutte øvinga dersom sikkerheita vert opplevd å ikkje vere god nok, eller dersom det skulle oppstå andre uventa hendingar som gjer at ein ikkje kan fortsetje øvinga. Det skal ikkje vere kommunikasjon relatert til øvinga mot andre telefonnummer eller e-postadresser enn dei som er oppgjevne i direktivet. All skriftleg kommunikasjon skal starte med «ØVING, ØVING, ØVING» og avsluttast med «ØVING, ØVING, ØVING».

[Ved bruk av kodeord «BULLDOG» vert all øvingsaktivitet beinveges avslutta.]

## **Evaluering undervegs**

Alle einingar som deltek, vil få eit skjema for utfylling i forkant av øvinga. Utfylt skjema leverast til øvingsleiar innan utgangen av 30. oktober.

## **7 Etter øvinga**

- FMHO vil samanstille ei evaluering av øvinga. Det vil kome ei oppsummering på FMHOs fagsamling i Voss 10./11. november
- Rapport og justert planverk
- Vidare arbeid med atomberedskapen. Mogleg studietur med fokus på førehandsinformasjon til lokalbefolkning, soneinndeling, befolkningsvarsling og sivile planer for (atom-) beredskap



## **8 Kontaktinformasjon til øvingsleiing og øvingskontaktar lokalt og regionalt**

Fylles ut og vert distribuert til øvingskontaktane før øvinga.

## **9 Kontaktinformasjon til aktørar i sjølve øvinga lokalt, regionalt og sentralt**

Fylles ut og vert distribuert til øvingskontaktane før øvinga.